



Denne vakre blomen var ein gevinst under basaren i helga, men helselaget fortener ein blome sjølv. Eli Roseth Eik held han.

Var du på den tradisjonsrike basaren til helselaget søndag ettermiddag, som truleg har vore arrangert kvart einaste år sidan laget vart stifta i 1917?

Er svaret ja, har du pånytt bidrege til å støtta livreddande forskning. Trass i store medisinske framsteg er hjartesyjukdommar og hjerneslag framleis årsaken til flest dødsfall i Noreg.

Helselaget her i bygda har i alle år betalt 5 000 eller 10 000 kroner til kampen mot hjartesyjukdommane, tuberkulosen og kreften. Det er et imponerande uttrykk for omtanke for medmenneskje.

Og det stoppar ikkje der. I dag har du kanskje fått ein giro for innbetaling av eit mindre beløp i tillegg til hjarteforskning, som betaling for blomekort. Også det vert formidla gjennom Nasjonalforeningen.

Betalar du også for blomekorta sikrar du prosjekta til nokon av dei fremste og flinkaste hjarta- og karforskarane våre. For sjølv om dei har gjort ein banebrytande jobb slik at dødelegheiten av hjarteinfarkt har gått attende med 70 prosent sidan midten av 1960-talet har dei framleis ein stor jobb å gjera i forskning og forebygging.

Framstega til forskarane har gjeve oss behandlings- og operasjonsmetodar vi ikkje hadde før, Det er no tilbod om behandling av hjartesyjuke og slagamma som var utenkjelege for berre nokre få tiår sidan.

Ved å kjøpa blomekorta sikrar du at dei fremste forskarane kan halda fram med det livsviktige arbeidet sitt. Dei kan planleggja slik at framstega som betyr så mykje for oss alle ikkje stoppar opp. Støtte til Nasjonalforeningen og helselaget er hjelp til sjølvhjelp og til eit av dei viktigaste laga i bygda vår.

Tekat, foto og nett: Ola Matti Mathisen